



Forskrift om hovudmål på vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune

26. januar 2024

Innhald

| | |
|---|---|
| Bakgrunnen for høringsnotatet | 2 |
| Kva forskrift om hovudmål inneber for elevar, foreldre og skular | 2 |
| Alternative forslag til hovudmål | 4 |
| Forklaring av andre punkt i forslaget | 6 |
| Forslag til forskrift om hovudmål på vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune | 7 |

Bakgrunnen for høringsnotatet

Nytt forskriftskrav frå 1. august 2024

Ny opplæringslov er planlagt sett i verk frå 1. august 2024. Ifølge ny lovtekst § 15-2 første avsnitt skal fylkeskommunane gi lokal forskrift om kva som skal vere hovudmålet på kvar skule:

«Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmålet på kvar skule, anten bokmål eller nynorsk. Skolen skal bruke hovudmålet i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra».

Tilsvarande gjeld per i dag for kommunane. Ny opplæringslov utvidar med andre ord kravet til å også gjelde for fylkeskommunane. Vestland fylkeskommune må difor fastsette lokal forskrift om hovudmål.

Det vil berre kunne vere eitt hovudmål på kvar skule, anten nynorsk eller bokmål. Det er ikkje krav om at alle skulane i fylket har same hovudmål. Med andre ord kan fylkeskommunen fastsette same skriftspråk som hovudmål for alle skulane, eller fastsette at ulike skular har ulike hovudmål.

Kva forskrift om hovudmål inneber for elevar, foreldre og skular

Hovudmålet brukt i den skriftlege opplæringa og i skriftleg kommunikasjon

Skulane/dei tilsette vil måtte bruke det vedtatte hovudmålet i opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevar og foreldre. Forarbeida til nye § 15-2 kjem meir inn på når det vedtatte hovudmålet skal bli brukt:

«Hovudmålet skal brukast i all skriftleg kommunikasjon med elevar og foreldre, til dømes vekeplanar, beskjedar og liknande. Det er også hovudmålet som hovudsakleg skal brukast i

skriftleg presentasjon i undervisninga og i faglege og skriftlege vurderingar. Det gjeld ikkje når elevane får opplæring i sidemål og i andre språk.»

Føresegna påverkar ikkje at elevane vel om dei skal bruke nynorsk eller bokmål som hovudmål i det skriftlege arbeidet, jf. [ny opplæringslov § 6-1](#).¹ Forskrifta vil altså ikkje verke inn på skriftspråket elevane sjølv nyttar. Vidare skal skulen nytte læremiddel som ligg føre på både bokmål og nynorsk, og elevane skal kunne velje kva skriftspråksversjon av læremidla dei ønsker å bruke. (Det er fleire unntak frå kravet om læremiddel på begge skriftspråk, jf. [ny opplæringslov § 15-3](#)²). I tillegg vel elevane og tilsette sjølv kva talemål dei vil bruke, og kravet om eitt hovudmål hindrar ikkje bruk av teiknspråk.

Hovudmålet som blir vedtatt på den einskilde skulen vil styre kva skriftsspråk dei tilsette må bruke i undervisninga, med unntak av ved opplæring i sidemål og i andre språk. Dette gjeld til dømes i presentasjonar som blir vist fram. Hovudmålet skal også bli brukt i skriftleg kommunikasjon med både elevar og foreldre, t.d. i vekeplanar, faglege tilbakemeldingar på prøvar eller innleveringar, fellesbrev til foreldregrupper m.m. Kva som er hovudmålet på skulen vil difor ha noko å seie for både elevar, foreldre og for dei tilsette ute på skulane.

Tilhøvet til språklova

Sidan 1. januar 2022 har fylkeskommunen vore omfatta av språklova. [Språklova § 15](#)³ stiller krav til at ein i nokre tilfelle må bruke det skriftspråket som den private sjølv brukar, uavhengig av språkvedtaket i fylkeskommunen. Dette gjeld for dokument som «er retta mot» eit privat rettssubjekt, til dømes ein konkret elev. Fylkeskommunen skal då bruke det skriftsspråket – bokmål eller nynorsk – som vedkommande sjølv har brukt i kommunikasjonen, eller på annan måte meldt frå om at hen ønsker.

Krava i språklova § 15 gjeld berre for den «administrative delen» av verksemda ved dei vidaregåande skulane, jf. [språklova § 3](#)⁴. Når det gjeld tilhøvet mellom språklova § 15 og hovudmålet som skal vedtakast av fylkeskommunen, legg administrasjonen til grunn at t.d. ulike enkeltvedtak som er retta mot einskilde elevar, eller brev som er adressert til t.d. ein konkret forelder, framleis er omfatta av språklova § 15. Hovudmålet til skulen vil som nemnt styre mellom anna faglege tilbakemeldingar – dette er ikkje ein del av den administrative verksemda til skulane.

Elevar/foreldre kan difor i nokre samanhengar måtte bli kommunisert med på hovudmålet til skulen, medan dei i andre samanhengar skal få brev/dokument på sitt eget skriftspråk. Det sistnemnde føreset at skriftspråket til vedkommande er kjent for skulen.

Administrasjonen har utarbeidd to alternative forslag til hovudmål. Det er samstundes mogleg å kome med innspel om andre kombinasjonar enn dei som er nemnt under.

¹ <https://lovdata.no/LTI/lov/2023-06-09-30/§6-1>

² <https://lovdata.no/LTI/lov/2023-06-09-30/§15-3>

³ <https://lovdata.no/lov/2021-05-21-42/§15>

⁴ <https://lovdata.no/lov/2021-05-21-42/§3>

Alternative forslag til hovudmål

Alternativ nr. 1 – nynorsk som felles hovudmål

Det første alternativet er at nynorsk blir felles hovudmål for dei vidaregåande skulane. Dette gir einsarta praksis mellom skulane. Nasjonalt har 11 % av elevar i grunnskulen nynorsk som hovudmål, medan talet i Vestland er 48 %.⁵ I vidaregåande opplæring har prosentandelen i Vestland lege stabilt på mellom 39 % til 41 %. Dette gjeld for tidsperioden 2014 til 2021.

Nynorsk som felles hovudmål kan seiast å samsvare med at nynorsk er politisk vedtatt som administrasjonsspråk i fylkeskommunen. Om nynorsk i tillegg blir brukt i den skriftlege opplæringa og i skriftleg kommunikasjon med elevane/foreldra, vil nynorsk vere gjennomgåande i fylkeskommunen. Auka eksponering vil kunne bidra til ei styrking av nynorsk som skriftspråk i fylket, samstundes som elevane sjølve som nemnt vel eget hovudmål for sitt skriftlege arbeid. Fylkestinget vedtok 13. desember 2023 retningslinjer for språk i Vestland fylkeskommune. I desse er det vist til [språklova § 1](#)⁶, og at:

«Vestland fylkeskommune har altså eit lovfesta ansvar for å bruke, utvikle og styrkje bokmål og nynorsk, og eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka norske skriftspråket. Det er naturleg for Vestland fylkeskommune å ta dette ansvaret, som det største nynorskfylket og med eit språkvedtak om nynorsk som administrasjonsspråk.

I dei vedtatte retningslinjene kjem det også fram at «[f]ylkeskommunen arbeider for å fremje nynorsk i opplæringsinstitusjonane sine.» I samsvar med dette er eit av alternativane til forskriftstekst, sjå s. 7 og forslaget § 3, utforma med nynorsk som felles hovudmål.

Alternativ nr. 2 – hovudmålet følger språkvedtaket i kommunen der skulen geografisk ligg, med bokmål som hovudmål i språknøytrale kommunar (Bergen og Askøy)

Eit anna alternativ er at hovudmålet på skulen følger språkvedtaket i kommunen der skulen er plassert geografisk. Ein legg då til grunn at det kommunale språkvedtaket generelt sett speglar innbyggjarane sine skriftspråk og lokale ønske. 41 av 43 kommunar i fylket har språkvedtak om nynorsk. 28 av dei 43 vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune ligg i slike nynorsk kommunar.

Dei resterande 15 av dei 43 skulane ligg i dei språknøytrale kommunane Bergen (14 skular) og Askøy (ein skule). Administrasjonen ser det som eit alternativ at desse har bokmål som hovudmål. Når det gjeld andelen elevar med nynorsk som hovudmål er det stor variasjon mellom vidaregåande skular i Vestland. Frå skular som er reine nynorsk skular til skular der det ikkje er registrert elevar med nynorsk som hovudmål. Vidaregåande skular lokalisert innanfor Bergen eller Askøy kommune hadde per skuleåret 2020/2021 ein andel på 12 % eller færre med nynorsk som hovudmål. Lågaste andel hadde Sandsli vidaregåande skule, med ingen elevar registrert med nynorsk som hovudmål.

Også enkelte skular lokalisert i kommunar med nynorsk som språkvedtak, har relativt låge andelar av

⁵ <https://www.ssb.no/utdanning/grunnskoler/statistikk/elevar-i-grunnskolen/artikler/1-av-10-har-nynorsk-som-hovudmal-i-skolen>

⁶ <https://lovdata.no/lov/2021-05-21-42/§1>

elevar med nynorsk som hovudmål. Dette gjeld mellom anna Sotra vgs. i Øygarden kommune, med ein nynorskandel på 4 %. Osterøy vgs. (Osterøy kommune), Austevoll vgs. (Austevoll kommune), Os vgs. (Bjørnafjorden kommune) og Os gymnas (Bjørnafjorden kommune) hadde alle i 2020/2021 under 50 % av elevar med nynorsk som sitt registrerte hovudmål.

| | |
|----------------------------------|-------|
| Sogn Jord- og hagebruksskule | 100 % |
| Mo og Øyrane vidaregåande skule | 100 % |
| Høyanger vidaregåande skule | 99 % |
| Dale vidaregåande skule | 99 % |
| Stryn vidaregåande skule | 99 % |
| Sogndal vidaregåande skule | 98 % |
| Årdal vidaregåande skule | 97 % |
| Firda vidaregåande skule | 95 % |
| Hafstad vidaregåande skule | 95 % |
| Stord vidaregåande skule | 95 % |
| Rubbestadnes vidaregåande skule | 94 % |
| Måløy vidaregåande skule | 93 % |
| Eid vidaregåande skule | 93 % |
| Kvam vidaregåande skule | 93 % |
| Kvinnherad vidaregåande skule | 84 % |
| Voss vidaregåande skule | 83 % |
| Voss gymnas | 80 % |
| Bømlo vidaregåande skule | 77 % |
| Fitjar vidaregåande skule | 74 % |
| Flora vidaregåande skule | 72 % |
| Austrheim vidaregåande skule | 66 % |
| Fusa vidaregåande skule | 63 % |
| Odda vidaregåande skule | 63 % |
| Osterøy vidaregåande skule | 48 % |
| Austevoll vidaregåande skule | 46 % |
| Os vidaregåande skule | 40 % |
| Os gymnas | 37 % |
| Knarvik vidaregåande skule | 36 % |
| Arna vidaregåande skule | 12 % |
| Laksevåg og Bergen Maritime vgs | 8 % |
| Åsane vidaregåande skule | 6 % |
| Amalie Skram vidaregåande skule | 5 % |
| Slåtthaug vidaregåande skule | 4 % |
| Tertnes vidaregåande skule | 4 % |
| Sotra vidaregåande skule | 4 % |
| Årstad vidaregåande skule | 4 % |
| Stend vidaregåande skule | 3 % |
| Olsvikåsen vidaregåande skule | 2 % |
| Fyllingsdalen vidaregåande skule | 2 % |
| Bergen katedralskole | 1 % |
| Langhaugen vidaregåande skule | 1 % |
| Nordahl Grieg vidaregåande skule | 1 % |
| Askøy vidaregåande skule | 1 % |
| Sandsli vidaregåande skule | 0 % |

Alternativ nr. 2 inneber likevel at ein følger språkvedtaket til kommunen i desse kommunane, uavhengig av kva skriftspråk elevane har valt på dei ulike skulane. Med eitt unntak, er også andelen nynorskelevar markant lågare på vidaregåande skular i Bergen og Askøy enn andelen i kommunane i avsnittet over.

Merk at [Bergen kommune har enkelte grunnskular der hovudmålet er nynorsk](https://www.bergen.kommune.no/politikere-utvalg/api/fil/bk360/7949287/Forskrift-om-malform-ved-den-enkelte-grunnskolen-i-Bergen-kommune)⁷.

Dette gjeld Garnes skule, Garnes ungdomsskule, Lone skule, Trengereid oppveksttun skule, Ytre Arna skule, Ådnemarka skule (alle i Arna bydel) og Salhus skule (Åsane bydel).

Sjå illustrasjon, med tal frå skuleåret 2020/2021. Merk at nokre av skulane no er slåtte saman.

⁷ <https://www.bergen.kommune.no/politikere-utvalg/api/fil/bk360/7949287/Forskrift-om-malform-ved-den-enkelte-grunnskolen-i-Bergen-kommune>

Forklaring av andre punkt i forslaget

Klargjere betydninga av forskrifta og tilhøvet til andre reglar

Forslaget til forskrift om hovudmål inneheld mellom anna ei føresegn om formålet med forskrifta (§ 2) og ei klargjering av i kva samanhengar hovudmålet skal bli brukt (§ 4). Sistnemnde er henta direkte frå lovteksten til [ny opplæringslov § 15-2](#)⁸ og forarbeida til denne. Dette er ei dobbeltregulering og gir ikkje forskrifta eit anna innhald enn det som uansett vil følge av lova. Normalt sett prøver ein å unngå slike dobbeltreguleringar. Administrasjonen ser likevel det som fornuftig å ha innhaldet med også i forskrifta, av omsyn til at lesaren skal kunne få ei betre forståing av når hovudmålet skal nyttast av skulen. Dette kan bidra til å unngå misforståingar av kva forskrifta inneber.

Av same grunn kan det vere hensiktsmessig å presisere at forskrifta ikkje verkar inn på at elevane sjølv vel om dei skal bruke nynorsk eller bokmål i sitt skriftlege arbeid, og om dei skal nytte læremiddel på nynorsk eller bokmål. Tilvisingar til dette er difor tatt med i forslaget til § 5 i forskrifta.

Sidan ny opplæringslov skal bli iverksett 1. august 2024, er forslaget at den lokale forskrifta også gjeld frå same dato.

⁸ <https://lovdata.no/LTI/lov/2023-06-09-30/§15-2>

Forslag til forskrift om hovudmål på vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune

§ 1. Verkeområde

Forskrifta gjeld for offentlege vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune.

§ 2. Formål

Formålet med forskrifta er å stadfeste kva som er hovudmålet på skulane, og å klargjere når hovudmålet skal bli brukt. Formålet er òg å klargjere tilhøvet til elevane sine rettar.

(Alternativ nr. 1)

§ 3. Hovudmålet på skulane

Nynorsk er hovudmålet på alle vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune.

(Alternativ nr. 2)

§ 3. Hovudmålet på skulane

Hovudmålet på den einkilde skulen følger språkvedtaket i kommunen der skulen er geografisk plassert. For skular geografisk plassert i språknøytrale kommunar, er hovudmålet bokmål.

§4. Når hovudmålet skal bli brukt

(1) Skulen skal bruke hovudmålet i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevar og foreldre. Dette gjeld til dømes i skriftlege presentasjonar i undervisninga, og i faglege eller skriftlege vurderingar. Hovudmålet skal òg bli brukt i vekeplanar, beskjedar og liknande.

(2) Kravet om å bruke hovudmålet gjeld ikkje ved opplæring i sidemål eller i andre språk.

§5. Tilhøvet til elevane sine rettar

Elevane vel sjølve om dei skal bruke nynorsk eller bokmål som hovudmål i det skriftlege arbeidet, og om læremidla skal vere på nynorsk eller bokmål, jf. også opplæringslova § 15-3.

§ 6. Ikraftsetjing

Forskrifta gjeld frå 1. august 2024.

